


LYS OG LIV

Utgitt av
MENIGHETSAKULTETET



Frå ordinasjon i Kinsarvik kyrkje

Foto: Vigbjørn Matre

*Jesus sa atter til dei: „Fred vere
med dykk. Som Faderen har
sendt meg, sender eg dykk.”*

Frå ordinasjonsritualet

Spesialnummer i anledning praktikumsturen våren 1976

Nr. 2

MARS 1976

42. ÅRG.

LYS OG LIV

UTGITT AV
MENIGHETSFAKULTETET

Redaktører: Rektor Ingemann Ellingsen og administrasjonssjef Erling Servan.
Utkommer 8 ganger årlig. Ekspedisjon: Gydas vei 4, Oslo 3. Postgiro 128 78.
Bankgiro 8002.31.70896. Telefon: Sentralbord 46 79 00. — Bladet sendes gratis til
alle MF-foreninger og prostikomiteer for MF, til samtlige menighetsråd i landet
og alle navngitte bidragsytere.

Opplag dette nr.: 35 000.

TAKK FOR DIN GAVE!

(gaveoversikt for desember måned og årssammendrag for de tre siste årl).

Gaver:	Desember			1/1—31/12		
	1973	1974	1975	1973	1974	1975
Personlige gaver	359 912	376 436	440 465	1 464 265	1 388 806	1 526 762
Studentenes givertj.		3 860	3 960		46 410	59 565
<i>Sum personlige gave</i>	<i>359 912</i>	<i>380 296</i>	<i>444 425</i>	<i>1 464 265</i>	<i>1 435 216</i>	<i>1 586 327</i>
Offer/kollekt	48 429	65 291	56 102	819 440	834 099	930 431
<i>Sum</i>	<i>408 341</i>	<i>445 587</i>	<i>500 527</i>	<i>2 283 705</i>	<i>2 269 315</i>	<i>2 516 758</i>
Foreninger	79 594	74 251	99 256	302 356	292 339	310 953
Bøsser og andre gaver	113	4 045	1 630	7 248	4 756	29 790
<i>Sum «ordinære» gaver</i>	<i>488 048</i>	<i>523 883</i>	<i>601 413</i>	<i>2 593 309</i>	<i>2 566 410</i>	<i>2 857 502</i>
Salg av Revheim	—	—	—		440 000	—
Testamentariske g.	24 250	35 000	—	77 399	239 963	251 653
<i>Sum gaver</i>	<i>512 298</i>	<i>558 883</i>	<i>601 413</i>	<i>2 670 709</i>	<i>3 246 373</i>	<i>3 109 155</i>

Takk for store gaver i 1975. Både de personlige gaver, ofringer/kollektene og gaver fra foreningene viser en gledelig økning. MF trenger fortsatt din støtte ved forbonn og gaver.

Gaver til Menighetsfakultetet er SKATTEFRIE, og kan fratrekkkes i selvangivelsen. (Etter lovendring i 1970.)

Følgende bestemmelse gjelder: «Fradrags etter denne bestemmelsen kan, når tilskuddet (gaven) utgjør mer enn kr. 10 000,—, ikke overstige 10 pst. av den skattepliktiges inntekt i det år da tilskuddet ges.»

Kvittering/vedlegg til selvangivelsen blir sendt etter hvert for alle gaver på kr. 50,— eller mer. De som ønsker spesiell kvittering for gaver under dette beløp, bes vennligst gjøre oppmerksom på det.

Gaver til Menighetsfakultetet, Gydas vei 4, Oslo 3:

POSTGIRO: 1 28 78 — BANKGIRO: 8002.31.70896.

«For det er godt at hjertet styrkes ved nåden»

Hebr. 13, 9

VED CAND. THEOL.
TORGILS AURDAL



Når vi tenker på ordet «hjerte» i overført betydning, så er det ganske bestemte forestillinger vi får. Hjerte forbindes med følelser. Med gode følelser og med smertelige følelser. Kort sagt: «Hjerte har med «kjærlighet» å gjøre. Eller mer presist: «Hjerte» har med *romantikk* å gjøre.

I Bibelen har «hjerte» en mye rikere og mer omfattende mening. Den *kan* bety følelser. Men mye mer er hjertet tankenes og refleksjonenes organ. Her er visdommens skattkammer, så vel som forstandens og viljens rom. Hjerte er slik et ord med en mening som går inn til roten av det å være menneske. Ja, sentrum for det levende, bevisste menneske, det er hjertet.

Likevel er ikke *hjertet* hovedordet til oss her. Vel er det i Guds ord mye tale om mennesket og dets hjerte. Men det bærende i evangeliet er en annen virkelighet — nåden.

Disse to, menneskets hjerte og nåden, står ikke problemfritt ved siden av hverandre. Det er en spenning mellom dem. Vårt hjerte er vendt bort fra nåden. I sin egen selveissthet vil det være sin egen lykkes smed. Men resultatet er alltid like skuffende. Sporene fra Edens have og Babels tårn, de finner vi avtegnet også i dagens verden. Spo-

rene heter frykt, engstelse, ensomhet. Menneskehjertets storhet og makt har gjort mennesket motløst. Det har forfeilet sitt mål fordi det har gjort seg selv til sentrum.

Nåden har sitt sentrum i et annet hjerte: Guds hjerte. Han har elsket og elsker denne verden av bortvendte, engstede hjerner. Hjerter som enten flykter fra Gud, eller pører å bygge sitt eget Babels tårn opp til ham. Hans svar er: Guds rike er kommet nær! Så nær at menneskelige strabaser er uten mening. Han, universets skaper og Herre, er i Jesus Kristus kommet meg nær i mitt mørke, i min engstelse.

Det er nåden.

Jesus forkynner: Vend dere om! Guds rike er kommet nær! Alle Guds gode gaver er tilstede i min umiddelbare nærhet. Mitt selveisste hjerte, innkrokt i seg selv, skal få høre Jesu kallende røst og vende seg om til ham. Det skal få motta kraften av hans liv, kraften av hans død, og kraften av hans oppstandelse.

Det er nåden.

Mitt syndetyngende hjerte skal i Jesu nærhet få oppleve Guds rikes varme. Jeg får troens og tilgivelsens gave plantet inn i mitt liv. Mitt fryktsomme, vanstro og harde hjerte skal få våge å komme akkurat slik. Det skal få våge å være skyldig. Og: Mitt hjerte skal få våge å være tilgitt, våge å ha tillit til sin egen frihet, fordi en annen, Jesus, er blitt straffet for min konkrete, personlige synd. «En er død for alle...».

Det er nåden.

Som tilgitte syndere i Jesu nærhet har vi en Far. En Far som vet hva vi trenger, alt før vi har bedt ham om noe. Våre bønner er ikke rop fra forfrosne hjerter som står utenfor og roper for å komme inn. Nei, vi er allerede innenfor. Vi er hos Far. Å ha lov til å la denne realiteten få lyse og funke —

Det er nåden.

«Hold blikket klart, sett fullt og fast håpet til den nåde dere skal få når Jesus Kristus åpenbarer». 1. Pet. 1, 13.

Av nåden, ved nåden, til nåden — det er kristenliv.

I sannhet: Det er godt at hjertet styrkes ved nåden.

«Jeg har en nådestrom så vide, som himlens hvelving strekker seg». Her ligger nøkkelen til det frigjorte, glade og modige hjerte.

A få minne Guds menighet om dette, det er hovedinnholdet i den tjenesten vi som kommende prester er kalt til. Gud gi at vi må få en klar visjon av storheten i dette kallet. Da trenger vi til at våre egne, fattige hjerter blir styrket av nåden. For så å kunne styrke fattige menneskehjerter ved nåden.



FAKULTETSLEKTOR
FINN WAGLE:

Dåpen — et livsprogram

I den eldste kirke var dåp og fastetid knyttet sammen på en spesiell måte. De som ville bli døpt, gjennomgikk dåpsforberedelse fra fastetidens begynnelse og fram til påskensattens gudstjeneste, da dåpen fant sted. Ved å legge dåpen til nettopp denne gudstjenesten, på veg fra Langfredagens mørke til Påskedagens lys, ble menigheten på en konkret måte minnet om en viktig side ved den kristne dåp: det som skjer i dåpen har med Jesu død og oppstandelse å gjøre. Eller for å si det mer presist: Å bli døpt er å bli satt inn i et døds- og livsfellesskap med vår Herre og Mester. Paulus uttrykker det slik i Romerbrevet: «Vi ble altså begravet med ham da vi ble døpt med denne dåp til døden, for at vi skal leve det nye livet, likesom Kristus ble reist opp fra de døde ved Faderens veldige kraft.» (6, 4)

Når kirken fremdeles døper, gjør

den det i tiltro til at Gud er og blir underets Gud. Til noe mindre enn et under går det ikke an å vurdere dåpsritualets ord: «... — syndige menneskebarn som de er, under syndens og dødens lov, bli Guds barn av nåde ved badet til gjenfødsel og fornyelse ved den Hellige Ånd.» Kanskje vi kunne si det slik: Fra dåpens bad går det en linje tilbake til Jesu kors. Det å bli døpt er å høste fruktene av Jesu seierrike død og oppstandelse. Det er godt å vite at dette engang ble mitt personlige eie. Ved en bestemt anledning nådde ringvirkningene av det Jesus engang gjorde også mitt liv. Og disse ringvirkningene kan vi tenke på med glede. For i dåpen ble vi døpt bort fra alt det som hører denne verden til, alt det som synden og døden har preget, samtidig som vi ble satt inn i Jesu Kristi herlige rike. Eller for å tale med Luther i Den store katekismen: «For dåpens virke nemlig at den gamle Adam blir druknet og det nye menneske står opp.»

Men Luther stanser ikke her. Han fortsetter med å si: «Disse to tingene skal foregå i oss hele vårt liv. Et kristenliv er derfor ikke noe annet enn en daglig dåp, som engang er begynt og stadig er i virksomhet. For dette er noe som må foregå til alle tider, forat en stadig kan utrydde det som hører til den gamle Adam, og forat det som hører til det nye menneske, kan komme fram.» Nettopp det som Luther her sier, er det overskriften vil uttrykke: «Dåpens — et livsprogram.» Hva går så dette programmet ut på? La oss da vende tilbake til det vi tidligere har sagt: Å bli døpt er å bli tatt inn i døds- og livsfellesskap med Jesus. Det

betyr at det fra dåpen ikke bare går linjer bakover til Jesu død og oppstandelse. Det går også linjer framover — til graven og oppstandelsens morgen. Men har da dåpens noe med vår død å gjøre? Ja, for i dåpen ble det gamle menneske overgitt til døden. Dermed er det engang for alle slått fast: Det er ikke det gamle menneske som skal til himmelen. Vår kamp som kristne består ikke i å rendyrke det beste i oss, men å overgi det alt sammen igjen og igjen til døden. Slik bekrifter vi det som engang skjedde med oss da vannet ble øst over våre hoder. Og om alle andre flykter fra døden og ikke vil tenke på dette uavvendelige faktum, skal vi gjennom dåpen få hjelp til å se på døden med andre øyne. Allerede ved dåpefonten ble dødsdommen stadfestet. Vi har noe annet og bedre å holde oss til: det nye menneske som dag for dag skal vokse seg stadig sterke. Nå ser vi kanskje linjene tydeligere: Den ene går fra dåpens til graven, den andre rekker like til oppstandelsens morgen. Fra dåpens øyeblikk står vi i en kampsituasjon, og denne kamp er og blir vårt program i dette liv. Først når et menneske brytes ned i den legemlige død er kampen til ende. For da, og først da, er vi utenfor syndens rekkevidde. Men dåpens er ikke bare begynnelsen til den fysiske død, den er også begynnelsen til oppstandelsen — den endegyldige oppstandelse! I dåpens er et nyt menneske reist opp som er bestemt for himmelen. Mellom dåpens oppstandelse og oppstandelsen på den ytterste dagen kalles vi til å etterleve dåpens program, det som Paulus i Rom. 13, 14. helt

Forts. s. 6

Ordinasjon - eit kall som forpliktar

Vi troppar opp hjå landssekretær Gunnvald Bjotveit for å få til eit lite intervju medan han er på «husset» mellom reisene sine. Og då vi har kjennskap til at bror hans, Torleiv Bjotveit, óg er ordinert til prest, og no sit som bataljonsprest på Setermoen, vil vi først få litt greie på kva som er grunnen til at to brør blir prestar, når dei kjem frå ein kyrkjelyd som aldri tidlegare har fostra prestar.

— Fyrst må eg då fortelja at eg kjem frå Kinsarvik kyrkjelyd i Ullensvang. For å vera heilt nøyaktig, frå ei grend som heiter Ringøy. Og når ein ser tilbake, må det vera rett å understreka at vi kjem frå eit område i landet vårt som ikkje har så mykje av dei frivillige organisasjonane sitt arbeid. Det er den offisielle kyrkje som har virka for det meste. Og ho har hatt ein stor og sentral plass i folks medvit. Det var med respekt og høgtid dei eldre tala om kyrkje og kyrkjereis. Og det er vel noko av denne arven

vi fekk prenta inn i oss i heimen vår. Eg hugsar at det var klar beskjed om at når det var gudssteneste i radioen, skulle vi sitja ned å *høyra*. Likeeins skulle sundagsskuleblada *lesast*. Det var respekten for autoritetane som kom til uttrykk, — i dette høvet Gud og hans ord. Det var same grunnholdninga i skulestova. Vyrdnad og ansvar var ord som ofte gjekk igjen.

Men eg hugsar at eg alt i 12-års alderen kjende på ein lengt etter eit meir personleg tilhøve til Gud. Og det var det som skjedde då eg byrja på gymnaset på Voss. Møtet med Laget, og forkynning som var meir personleg og vekkingsprega, nådde då inn og gjorde kunnskap og autoritetstru levande. Og gjennom dette kom så etter kvart kallet til å studera teologi, og seinaré å gå inn i ei presteteneste. Det var vel Mt. 6, 33: «*Sok fyrst Guds rike og hans rettferd, så skal de*

Forts. s. 11

enkelt beskriver slik: «Kle dere i Herren Jesus Kristus.»

Vi slutter som vi begynte: med fastetiden. Fra gammelt av har disse ukene før påske vært sett på som en kamptid for de kristne. «Se, nå er en velbehagelig tid, da vi erklærer alle synder krig og befordrer alle dyders vekst», sier pave Leo I (ca. 450 e.Kr.) i en fasteprekken. Denne kampsituasjonen har sikkert stått tindrende klar for dåpskandidatene i den eldste kirke. Det å forberede seg til dåp var å forberede seg til et liv i kamp.

For oss er ikke dåp og fastetid lenger knyttet sammen. Men kanskje vi denne fasten kunne få hjelp til åøyne noen av de perspektiver som dåpen kaster over våre liv: Jds- og livsfellesskapet med Jesus Kristus i en stadig kamp på vegen mot graven — og himmelen. «Jeg går til døden hvor jeg går», synger Brorson. Men dette faktum overskygges for den kristne av noe annet. Derfor slutter også Brorson som han gjør: «Jeg går til himlen hvor jeg går». Gud være lovet i all evighet!

Reiseruten

For rute III sjå side 10

RUTE I: TRØNDERFYLKA



RUTE II:

STAVANGER LINDÅS-
OMRÅDET
— BERGEN 24/3

BERGEN OG
OMLAND 26-28/3



STORD
23/3

STAVANGER OG
OMLAND 20-21/3

BRYNE OG SANDNES 20/3



Praktikumsturen



Gruppe I, fremst (frå venstre)
Bjørn Helge Sandvei, Trondheim
Vidar Kristensen, Drammen
Audun Berg Slettahjell, Trondheim
Arne Eggem, Rælingen
Jostein Jørgensen, Sandsvær
Harald Illøkken, Rennebu
Sverre Alfsen, Oslo
Sverre Melberg, Brunlanes
Nils Olav Breivik, Kragerø
Rasmus Lassen, Oslo
Lars Berge, Tune

Ikkje med på bildet:
Bjørn Skauen, Fredrikstad og
Leif Sæther, Ørskog

Gruppe II, bakste rekke (frå venstre)
Svein Byholt, Tønsberg
Olav Martin Hove, Vik (Sogn)
Terje Torkelsen, Stavanger
Gunnar Torset, Alesund
Jan Eivind Hanssen, Flekkefjord
(Gr. III)
Arnt Askildsen, Stavanger
Ragnar Skottene, Sarpsborg
Jan Austad, Mandal
Svein Jakobsen Syre, Skudeneshavn
(Gr. III)
Edvard Skaar, Vestre Moland
Tor Jan Sivertsen, Stavanger
Per Johan Wiig, Oslo
Terje Nag, Stavanger
Daniel Apollon, Oslo

Våren 1976



Foto: Vigbjørn Matre

Svein Eidsvik Kvamsdal, Lindås
Jens Torstein Olsen, Mandal
Per Barsnes, Sogndal i Sogn
Birger Foseide, Rindal
Kjell Arne Norum, Oslo

Ikkje med på bildet:

Rolv Bruun, Tromsø
Svein Granerud, Sørum
Jan Sander Jørgensen, Oslo
Herman Inge Aadland, Stord og
Torgils Aurdal, Vardal

Gruppe III i midten (frå venstre)
Vigbjørn Matre, Etne
Sevat Lappegård, Al
Hans Olav Gilje, Finnås

Ole Dagfinn Østhush, Avaldsnes
Anders Kvalevåg, Haugesund
Egil Reindal, Lyngen
Jens Terje Johnsen, Halden
Olav Arnt Larssen, Bodø
Bjørn Mathiesen, Oslo
Normann Hurum, Drammen (Gr. II)
Arne Børresen, Kolbu
Per Inge Eide, Ålesund
Fartein Valen-Sendstad, Stavanger
Karl Richard Thuve, Sandefjord
Nils Daniel Nyberg, Oslo

Ikkje med på bildet:

Geir Gundersen, Tysvær
Erling Age Melberg, Brunlanes og
Jan Inge Revheim, Kristiansand


Praktikum i rute


«Vi kjem att liksom vårsilda år for år.» Ja, slik heiter det visst i ei vise som tonar gjennom radioen i ny og ne. Men det spørst om ikkje praktikumskulla frå MF har vorte vel så sikre våreteikn som silda borte på Vestlandet dei seineste åra? For samstundes som sildestammene har kroppna, har kandidatkulla her hjå oss heller vakse. Og like visst som det har heitt vår på kalendaren, har kandidatar og lærarar pakkat kuffertane og drege i veg på kontaktferd. Og som hi nemnde sild, hadde det med å dukka opp ulike stader på kysten frå år til år, slik er det også med praktikum. Det er berre eit par store byar med trafikkale foremunner og historisk sildelukt som så og seiā har vore garantert vitjing. I år finn ei gruppe vegen til trondersfylka også. Om dette markerer opptakten til eit nytt våreteikn der oppe, vil framtidia syna. Eitt er i alle hove sikkert: Alle me som skal i veg, ser fram til turen med spaning og store voner. Me har hørt mange godord av folk som har vore av garde for oss, og det gjev voner.

Det er fleire grunnar til at me reiser. Dei fleste av oss står på spranget ut til tenester i kyrkja. Utdanningstida ved MF er snart berre soga, og no vil me rundt om og møta ein del av den levande kyrkja som held MF oppe med forbøn og midlar. Me ynskjer å fortynna Kristus og inspirera dikk me møter, og me ynskjer også å verta inspirerte i møte med dikk. Takk for at de tek mot oss!

Herman Inge Aadland

RUTE III: STAVANGER—HAUGESUND





Brørne Bjotveit i lag med foreldra sine.

Forts. fra s. 6

få alt dette attipå,» som blei ståande der som ei utfordring og ein veivisar. Eit skriftord som kyrkjelyden heime gav som helsing til konfirmasjon. Og skal ein då svara kort, må det bli å understreka at solid kristendomsoppseding blei gjort til ei levande tru, då ei klar evangelisk forkynning og Lagsmiljøet fekk virka saman. Og dette gjeld for oss båe, med dei personlege variasjonane som alltid må vera der.

— Men kvifor valde du så Menighetsfakultetet som studiestad?

— Det var vel fleire ting som medvirka der. Mellom anna hadde eg ei bestemor som argumenterte sterkt med MF som Hallesby sitt fakultet, og átvara mot liberal teologi. Det var grasrota sitt råd. Der til var det ikkje mindre enn 7—8 stykke som gjekk samtidig med meg på gymnaset, som hadde planar å reisa til MF. Elles må vel den åndssamanheng som Laget og Indremisjonen forde meg inn i, vera ein svært avgjerande grunn. Ein opplevde alt då at MF på ein særleg måte var kristenfolket sitt eige fakultet. Og dette må eg seia har blitt ein levande royndom for meg i møte med sjølve institusjonen og

den solide og bibelsk velbegrunna undervisninga vi fekk. Det blei lagt ned noko i oss som vi aldri kan koma fri: *i alle spørsmål er det berre Guds ord og vår evangelisk-lutherske vedkjenning vi er bundne av.* Det er ein ståstad og eit livsprogram som gjev ein eit trygt grunnlag og ein stø kurs.

— *Du vart altså ordinert i Kinsarvik kyrkje for fem år sidan, slik som bror din no. Kva har ordinasjonen å seia for deg personleg?*

— I heilskapen er det då fleire ting eg må få nemna. Det eine er at gjennom ordinasjonen stadfester kyrkja med eit ytre kall det indre kall, og vedkjenner seg meg som sin rettmessige tenar, og gjev meg dei fullmakter og plikter som det ligg på presten. Og dette kjenner eg på er trygt og godt å venda tilbake til, samtidig som det ligg eit stort ansvar og forpliktning i dette å forvalta sakramenta og forkynna Guds ord i samsvar med Bibelen og vedkjenninga, slik som ein lovar i ordinasjonen. Det er ikkje personlege meininger og synspunkt ein er sett til å bera fram, men Guds heile råd til frelse, formaning og tukt. Ein er sett til å ropa ut i alle samanhengar: SÅ SEIER HERREN! Det andre er at ordinasjonen er ei forbønsteneste der Guds velsigning og kraft blir beden ned over ein, og at ein gjennom dette på ein serleg måte blir boren fram for Gud. Under kyrkjelyden si forbøn blir ein så sendt ut med Guds oppdrag. Dette er godt å få kvila i, så ein slepp leita etter indre forutsetningar og evigvarande oppkommer. Ein skal vera ein Guds tenar og la han gje styrke og kraft gjennom samfunnet med han og kyrkjelyden hans.

— *Har du opplevd i tida di som landssekretær at MF har støtte hos kristenfolket?*

— Ja, det må eg så absolutt seia. Det er utruleg så brei støtte MF synest å ha fått. Og det slår ein at Gud har reist opp forbedrarar og støtter i dei ulike deler av landet. Tanken om at Menighetsfakultetet er kristenfolket sitt eige fakultet, har slått rot. Og eg tror det skal mykje til før dette blir annleis, om MF blir ståande på den forpliktinga som einast Guds ord og kyrkja si vedkjenning gjev.

— *Kva ventar du av MF-venene i framtida?*


— Kollar ein seg for ven, forpliktar dette. Det er noko anna enn sporadisk sympati og lunken sjå-og-vent-holdning. For den ein er ven med, omgjev ein med ekte kjærleik. Og når venen blir sett på prøve, prøvest venskapet. Då viser det seg om ein er villig til å kjempa for den ein er glad i, og bera rundt god omtale av den same ven. Det tyder ikkje alltid at ein må vera samd med den ein står knytt til med venskapsbånd, men i kjærleik må ein gjerne tala til rettes og formana. Og er det då bore oppe av verkeleg kjærleik, blir det ikkje negativ kritikk, som frå ein som står utanfor og meir er tilskuar, men det er noko eg må bera fram fordi den eg elskar er i fare eller på vrang veg. Og då blir det teke imot som frå ein ven. Slike vene ynksjer eg at MF har, og vil få mange fleire av. Serleg ynskjer eg at dette venskapet kjem til uttrykk hjå alle dei som har fått si utdanning på MF.

Prestapraksis – menighetspraktikum og institusjonstjeneste

Praktiksåret på Menighetsfakultetet er ikkje berre forelesningar og diskusjoner, men vi har også ulike former for praksis saman med prestar i Oslo-området. Ein månad er vi heiltidsengasjerte saman med ein prest i ein kyrkjelyd, og ein annan månad er vi på «institusjonstjeneste» saman med ein institusjonsprest. Vi bed først Geir Gundersen fortelje om korleis han opplevde å arbeide i ein Oslo-kyrkjelyd som «prestapraktikant». Han er sunnmoring, men har no budd i Oslo i mange år.



Geir Gundersen.



Terje Torkelsen.

Kva gjekk «menighetspraktikum» ut på?

For min del å bli kjend med tilhøva i ein aktiv Oslo-kyrkjelyd, særleg ut frå presten sin synsstad. Ved kontakt med prest, klokkar, kontorpersonale, kyrkjelydsekretær, rådsmedlemmer — fekk eg ein svært verdifull informasjon om oppgåver og aktiviteter i ein kyrkjelyd. Elles måtte eg sjølv i elden gjennom litt kontorarbeid, andakter, skulebesøk, preike i høgmesse og ved ungdomsgudsteneste.

Er konfirmantane i Oslo så føle som ryktet tilseier?

Eg har hatt ansvaret for ei konfirmantklasse hausten -75, fram til og med samtalegudsteneste. Det har vore ei gledeleg og utfordrande opp-

Kirkens S.O.S.

Terje Torkelsen fra Tau hadde institusjonstjeneste ved noe som heter Kirkens S.O.S. Hva er det?

gave, som sette ein tjukk strek over mi tradisjonelle og heimesydde oppfatning av konfirmantar. Eg fekk oppleve interesse og engasjement — og fleire gav uttrykk for at konfirmasjonstida hadde ført til ei vedkjenning til Jesus Kristus.

Kva synest du var spesielt verdifullt ved menighetspraktikum?

Kontakten med ein eldre, røynd sokneprest, som ikkje hadde gløymt sin teologi — og som gav meg del i innsikter fra eit langt presteliv. Eg har mykje å lære.

Geir Gundersen

Kirkens S.O.S. er et senter for sjælesorg og samtale. Det drives av Oslo Indremisjon i samarbeid med Oslo biskop. Her kan mennesker ringe eller komme inn dag og natt. Egentlig er det vel rettest å kalle Kirkens S.O.S. for en «nødhjelpstasjon» hvor mennesker i akutte krisesituasjoner kan få støtte og veildning.

Der var tre kandidater der. Hvor-
dan var arbeidet lagt opp for dere?


Allerede fra første dag ble vi etter en kort orientering satt opp på vakt. Vi måtte svare på telefoner og samtale med folk som kom inn. Dette fordi vår veileder mente at den beste måte å lære en ting på, var ved selv å gjøre den, og så oppleve hva man gjorde riktig, og hva som burde vært annerledes. Utenom vaktene kom vi tre kandidater regelmessig sammen med vår veileder. Vi drev med gruppedynamikk, der vi forsøkte å lære oss selv og våre egne holdninger bedre å kjenne.

Hvilket utbytte ga denne tiden deg personlig?

Jeg opplevde tjenesten ved Kirkens S.O.S. som utfordrende og lærerik. Her fikk jeg se at kristen sjælesorg er omsorg for hele mennesket. Når det menneske er følel-
sesmessig ute av balanse eller nedkjørt på andre måter, virker dette også inn på troslivet. Da var det ikke nok bare å komme med lettkjøpte ord. Institusjonstiden ga også et fint kristent fellesskap oss kandidater imellom.

Sjælesorg for familien

Per Inge Eide fra Ålesund hadde institusjonsteneste på Modum Bads Nervesanatorium. Kan du gi oss eit oversyn over kva som skjer på Modum?



Per Inge Eide.

Modum Bads Nervesanatorium, Det Kristne hvilehjem og Nervesanatorium, er eit sjukehus for lett-psykiatri (nevroser, depresjoner, misbruk). Her er altså svært få psykotiske (sinnssjuke) pasientar. Pasientane, som kjem frå alle kantar av landet, er der ofta om lag 3 mndr. Det er eit godt miljø ikring det heile, og alle i den store staben av lækjarar, sjukepleiarar, psykologar, sosialkuratorar og arbeids-terapeuter gjer sitt til at behandlinga av dei som kjem der blir best mogeleg.

Kva var du særleg opptatt med den tida du var der?

Sjukehuset har 4 avdelingar. Tre av dei er vanlege klinikkavdelingar. Den 4. er den såkalla familieavdelinga. Der var eg plassert. I denne avd. har ein heile familiar, som bur i eineboligar som ligg attmed sjukehuset. Barna går på skole (der er eigen skole) — dei minste er i barnehage. Dagsrytmra til foreldra veksle mellom timer med individual-terapeuter og arbeidsterapi. Denne dagsrytmra gjekk eg inn i. I arbeids-terapien var vi alle samla på ei arbeidsstue der vi dreiv med handarbeid av mange slag.

Lærte du noko som du kan vere deg til nytte i prestetenesta seinare?

Eg lærte mykje om sjelelege li-dingar i det store og heile som eg nok vil få stor nytte av. Men, skulle eg nemne noko særskilt, måtte det være det innsynet i arbeidet med ekteskapsproblem som eg fekk. Prestane har mellom anna ein ekteskapsbevarande funksjon (mek-ling). I familieavdelinga fekk eg sjå at i mange høve kan ein gje hjelp til ektefolk som har det van-skeleg dersom ein søker å hjelpe dei på rette måten.


Kva er Einar Lundøys sjelesorg-institutt?

Dette er ein eigen skipnad knytt til Det Kristne Hvilehjem og Nervesanatorium. Institutt for Sjelesorg held til i eit nytt bygg i utkanten av sjukehusområdet. Det har to 3-månadlege kurs i året med 5 sjelesørgarar i kvart. Dessutan har ein to kurs for praktikumskan-didatar. Eit slikt kurs var det altså at eg var så heldig å få vere med på. Leidar av instituttet er sjuke-huspresten ved Modum Bad, Per Frick Høydal.

Prest i fengsel

Så spør vi Leif Sæther fra Vaks-vik i Ørskog på Sunnmøre. *Du var på institusjonsteneste i eit fengsel. Kva gjer presten på ein slik stad?*

— Presten stod i nært samarbeid med andre tilsette i fengslet, sær-leg da med det sosiale personalet. Mykje av oppgåva hans er å snakke med innsette som gjerne vil ha ein prest på kontoret eller på rommet. Det blir arrangert faste gudstes-ter i gymnastikksalen om søndaga-



Leif Sæther.

ne, og her har ein god hjelp av songgrupper utanfrå. Av og til er det og bibelgruppessamvær. —

Var presten «velsett overalt» i fengslet?

— Fengselpersonalet såg på presten som heilt nødvendig i arbeidet blant dei innsette. Og det var tydeleg at fleire ønskte kontakt med ein prest. —

Kva forhold hadde dei innsette til kristendommen?

— Det var svært forskjellig. Men enkelte vi snakka med var svært opne og ville gjerne snakke om kristne spørsmål. Men dei fleste var nok som nordmenn flest på dette området.


Vi som var der på dette korte «besøket» på berre ein månad gjekk mykje rundt på oppholdsromma om kveldane. Mange vrang forestillin-gar om fengselsopphald fekk vi kraftig korrigert. Ikkje minst fekk vi oppleve kor lett vi fordømmer slike som hamnar i fengsel. Ofte har dei kome dit fordi dei ikkje har hatt det så godt som dei fleste av oss.

Int. Birger Foscide

Eventuell retur:
Gydas vei 4,
Oslo 3.

Ved varig adresseendring vennligst returner bladet med påført ny adresse.

Fakta om MF



● Menighetsfakultetet (MF) har til mål på grunnlag av Guds ord og kirkens evangelisk-lutherske bekjennelse å gi teologisk utdannelse for prestetjeneste og annen tjeneste innen Den norske kirke. Fakultetet gir også utdannelse i faget kristendomskunnskap for tjeneste i kirke og skole. (Grunnreglene § 1.)

● MF begynte sin virksomhet høsten 1908 og fikk eksamensrett ved lov av 16. mai 1913.

Ved lov av 10. juli 1925 fikk MF også rett til å avholde praktisk-teologisk eksamen. Institutt for kristendomskunnskap begynte i 1967.

● Pr. 1. januar 1976 har 1970 tatt theologisk embeteksamen. 1597 kandidater har avlagt praktisk-teologisk eksamen og tilsammen er det avlagt 1200 eksamener i grunnfag, mellomfag eller hovedfag ved Institutt for kristendomskunnskap.

● Helt inntil 1972 ble all virksomhet ved MF drevet ved hjelp av gaver fra menigheter, MF-foreninger og enkeltpersoner, og gavene er fortsatt MF's viktigste inntekstkilde. I 1975 kom det inn vel 3,1 mill. kr. i gaver, hvor-

av nær 1,6 mill. kr. fra personlige givere, vel 59 000 kr. fra Studentenes givertjencste, over 930 000 i ofringer og kollektør i kirker og på møter, vel 310 000 fra de ca. 200 MF-foreningene og ca. 250 000 i testamentariske gaver. F.o.m. 1972 har MF i tillegg fått en statsstøtte som utgjør ca. 40 % av det totale utgiftsbudsjettet pr. år. For 1976 er budsjettet på 11,1 mill. kr. og statstøtten 4,0 mill. kr.

● MF's nybygg i Gydas vei 4, Oslo, ble innviet 3. september 1972 og kostet 20,8 mill. kr. Nærmere 11 mill. kr. er gitt som gave til bygget. Byggegjelden pr. 1. januar -76 er på kr. 7 250 000,-.

● Pr. 20. feb. 1976 er det 986 studenter ved MF. Antallet fordeler seg slik:

- Teologistudenter 609
- Kandidater på praktikum 56
- Kristendomsstudenter 321

● MF's kontaktblad «Lys og Liv» trykkes vanligvis i ca. 28 000 eksemplarer. P.g.a. praktikumsturen til Vestlandet og Trøndelag er dette nummer (nr. 2/76) trykt i et opplag på 35 000, hvorav 7000 eksemplarer vil bli delt ut på de steder som blir besøkt.